



Ann Kristin Haukøy Madsen
Grønfjellet 47
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 18/21855

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.07.2018

Pålegg om klypp av hekk og buskvekstar langs kommunal veg - Grønfjellet og Svehaugane

Teknisk drift har registrert at det langs kommunal veg i Grønfjellet og Svehaugane veks ein del vegetasjon ut over kommunal veggrunn. Vegetasjonen er av ei slik karakter at den utgjer ei risiko for ulykker langs vegen.

Teknisk drift gjer merksam på at den einskilte grunneigar har ansvar for å sørge for at hekk, buskvekstar og anna vegetasjon på eigedom ikkje veks utover grøftekant eller inn i vegbana. Hekker og anna vegetasjon skal klyppast ved eigedomsgrensa, det betyr normalt minimum 1 meter frå vegkant eller inntil mur. I tilfeller der eigedomsgrense går i kommunalveg vil vegen sin eigedomsgrense gjelde. Vegens sin eigedomsgrense er det arealet vegen disponerer av privat grunn (normalt vil denne grensa være minimum 1 meter frå vegkant).

I svinger, i kommunale vegkryss og i siktsoner til private avkjørslar skal hekk og buskvekstar vere klipt ned til ei maks høgde på 0,5 meter (maks høgde 0,5 m over kommunalt vegnivå). Enkeltstående tre treng ikkje fjernast men greiner skal ikkje henge ut over vegbane eller fortau. Greiner på tre må klippast slik at fotgjengarar, syklistar, rullestolbrukarar og andre ikkje vert leda ut i vegbana. Greinene skal ikkje være til hinder for kjøretøy (bossbil og utrykkingskjøretøy etc).

Teknisk drift pålegg den einskilde grunneigar i Grønfjellet og Svehaugane om å utføre klypp av hekk, buskvekstar og anna vegetasjon mot kommunal veg, i svinger, i siktsoner i private avkjørslar og ved kommunale kryss slik at ein reduserer risiko for ulykker i kommunal veg.

Teknisk drift sett ei frist for utføring av arbeid til: **Måndag 6 august 2018** slik at kommunal veg kan verte ei trygg skuleveg ved skulen sin oppstart av skuleår 2018/2018.

Dersom arbeid ikkje er utført innan fristen vil kommunen få utført arbeid for eigars rekning. Kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultatet vert grovt, resultat vert betre om den einskilde grunneigar utfører arbeidet sjølv. Vi gjer merksam på at kvist og anna avfall kan verte lagt inn på eigedom.



Det er med heimel i Veglova § 31, reguleringsføresegn for området, samt gitte løyver til avkjørsle frå offentleg veg at vegmynde kan krevje klypp/fjerning av vegetasjon som utgjjer ei risiko for ferdsel og vedlikehald av offentleg veg.

Med helsing

Atle Dingen
Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Trafikktryggleik - ditt ansvar

Mottakarar:

Ann Kristin Haukøy Madsen	Grønfjellet 47	5955	LINDÅS
Atle Waage	Svehaugane 6 A	5955	LINDÅS
Audhild Fosse	Grønfjellet 31	5955	LINDÅS
Bjarte Sveinung Holmås	Grønfjellet 43	5955	LINDÅS
Camilla Elinore Dalland-Haugsvær	Grønfjellet 15	5955	LINDÅS
Geir Madsen	Grønfjellet 47	5955	LINDÅS
Gheorghe Adrian Muntean	Grønfjellet 19	5955	LINDÅS
Gudny Oslaug Sognnes	Svehaugane 13	5955	LINDÅS
Henning Johannes Fosse	Grønfjellet 31	5955	LINDÅS
Jane Yi Sande	Storhaugen 18	5355	KNARREVIK
Lars Christian Solheim	Svehaugane 3	5955	LINDÅS
Marius Sagen Sande	Storhaugen 18	5355	KNARREVIK
Menno Bakker	Grønfjellet 13	5955	LINDÅS
Merethe Fjellsbø	Grønfjellet 29	5955	LINDÅS
Nicoleta Sorina Muntean	Grønfjellet 19	5955	LINDÅS
Thomas Jakobsen	Svehaugane 6	5955	LINDÅS
Tim Hugo Nilsen	Grønfjellet 29	5955	LINDÅS
Tor Vabø	Grønfjellet 21	5955	LINDÅS
Trine Gjerstad	Grønfjellet 43	5955	LINDÅS
Ørjan Haugsvær	Grønfjellet 15	5955	LINDÅS